

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Selskap: Helse Vest RHF  
 Dato skriven: 06.10.2008  
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 23.05.08 - 03.10.08**

**Styresak 082/08 O**

**Styremøte 17.10. 2008**

**Administrerande direktør si orientering pkt 11**

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 23.05.08 – 03.10.08
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

## Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
<b>Riksrevisjonen</b>	26.05.08	Riksrevisjonen gjennomfører ein forvaltningsrevisjon om økonomistyringa av og ved helseføretaka. Målet med undersøkinga er å få belyst økonomistyringa for å medverke til å oppnå ein betre nasjonal kostnadskontroll i spesialist-helsetenesta. Det er bedt om informasjon både frå det regionale helseføretaket og helseføretaka knytt til ein lang rekke spørsmål.	Svar er sendt 20.06.08. Svaret frå Helse Vest er knytt opp til informasjon om styringsdialogen med helseføretaka, informasjon om det regionale helseføretaket og informasjon om rutinar og retningslinjer.
<b>Statens helsetilsyn</b>	Det er ikkje motteke saker frå Statens helsetilsyn i perioden.		
<b>Arbeidstilsynet</b>	Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
<b>Datatilsynet</b>	Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.		
<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>	Helse Vest RHF har ingen saker til behandling for klagenemnda.		
<b>Sivilombudsm.</b>	Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		

<b>Mattilsynet</b>	27.05.08	<p>I brevet orienterer Mattilsynet om planane for ein landsomfattande tilsynskampanje i institusjonskjøkken. I løpet av 2008 og 2009 vil det bli utført tilsyn i ein stor del av landet sine sjukehus- og institusjonskjøkken. Gjennomføringa av kampanjen er delt inn i følgjande fasar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kartlegge i kva grad det er rutinar for trygg handtering ved avdelingskjøkken ved sjukehus- og andre helseinstitusjonar (september 2008)</li> <li>- gjennomføre revisjon av internkontrollsystema for mathandtering i sjukehus og andre helseinstitusjonskjøkken av ein viss storleik (mars-april 2009)</li> <li>- gjennomføre revisjon av internkontrollsystema for mathandtering i avdelingskjøkken i sjukehus og andre helseinstitusjonar (mars-april 2009)</li> <li>- gjennomføre oppfølgingsinspeksjonar i verksemder der det i revisjonen blei avdekka alvorlege brot på regelverk (september-oktober 2009)</li> </ul>
--------------------	----------	---

## Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
<b>Riksrevisjonen</b>	Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden.		
<b>Statens helsetilsyn</b>	14.01.08	Varsel om tilsyn med Frelsesarmeens Behandlingscenter, avd Heskestad 12.03.08. Tilsynet omfattar inntak, utgreiing, behandling og utskriving av pasientar.	
	26.05.08	Oversending av rapport. Ved tilsynet blei det funne to avvik: <ul style="list-style-type: none"> <li>- institusjonen sikrar ikkje at pasientane alltid får forsvarleg utgreiing og behandling</li> <li>- alle journalopplysingar blir ikkje samla i pasientjournalen</li> </ul>	
	17.01.08	Oversending av rapport frå tilsyn ved BUP Fjell 6. – 7. desember 2007. Tilsynet omfatta inntak, utgreiing, behandling og samarbeid med kommunale tenester. Det blei gitt to avvik ved tilsynet: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Helse Bergen HF har ikkje tilstrekkelig legekompentanse i form av spesialistar innan barne- og ungdomspsykiatrien ved BUP Fjell</li> <li>- det blir ikkje utarbeidd individuell plan for alle pasientar som har behov for langvarige og koordinerte tenester</li> </ul> <p>Helse Bergen HF er gitt frist til 1. juni med å gi melding om kva endringar som blir gjort og kva som er effekten av desse tiltaka.</p>	
	21.02.08	Oversending av rapport frå tilsyn ved BUP Stord/Kvinnherad 12.-13. desember 2007. Det blei påpeikt eit avvik: Helse Fonna har ikkje tilstrekkeleg legekompentanse i form av spesialistar innan barne- og ungdomspsykiatri ved BUP Stord. <p>Helse Fonna er gitt frist til 1. mai 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.</p>	
	31.03.08	Melding om tilsyn med Sandnes DPS, Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger 3.-4. juni 2008.	

	03.09.08	<p>Oversending av rapport. Formålet med tilsynet var å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sandnes DPS har ikkje sørgt for tilstrekkeleg kompetanse i form av legeressursar</li> <li>- Sandnes DPS har ikkje sørgt for at journalane er ført jamleg og inneheld relevante og nødvendige opplysingar</li> </ul> <p>Helse Stavanger er gitt frist til 15. oktober 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.</p>
	02.04.08	Melding om tilsyn med pasientrettar Stavanger Universitetssjukehus, BUP Stavanger 22. mai 2008.
	16.06.08	<p>Oversending av rapport. Ved tilsynet blei det avdekka eit avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ikkje alle pasientane som blir tilvist til BUP Stavanger blir vurdert etter reglane i lov om pasientrettar</li> </ul> <p>Helse Stavanger er gitt frist til 15. august 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.</p>
	20.05.08	Brev frå Helsetilsynet til LAR-Rogaland. I brevet blir det bedt om informasjon om korleis LAR-Rogaland vil sikre at pasientane får eit forsvarleg medisinsk tilbod i tida fram til ansvaret for LAR pasientar blir overført til Helse Stavanger.
	10.06.08	Svar på førespurnad sendt frå LAR-Rogaland. Av svaret går det fram at LAR-Rogaland sin løysing er å overføre det medisinske oppfølgingsansvaret til fastlegane.
	30.09.08	Helsetilsynet har ikkje sett på LAR-Rogaland sin utgreiing som tilstrekkeleg til å kunne avslutte tilsynet. Sett i samanheng med planlagd overføring av LAR-behandlinga til helseføretaka per 01.01.09 (Fonna) og 01.06.09 (Stavanger), og dei planer som helseføretaka har lagt i denne samanheng, har Helsetilsynet likevel konkludert med at tilsynet kan avsluttast.
	30.06.08	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Eining somatikk, Odda sjukehus 26. – 27. mai 2008. Tilsynet undersøkte om verksemda ser til at vikarar har nødvendige formelle og reelle kvalifikasjonar. Vidare at sjukehuset gjev vikarane innføring i lokale forhold, opplæring og rettleiing i høve til funksjonar dei skal ivareta ved sjukehuset. Dessutan at sjukehuset følgjer med på at arbeidet blir utført i samsvar med krav i helselovgjevinga.</p> <p>Ved tilsynet blei det ikkje påpeikt avvik frå krav i helselovgjevinga eller gjeve merknader.</p>
	02.07.08	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Voss sjukehus 28. mai 2008. Tilsynet undersøkte om verksemda ser til at vikarar har nødvendige formelle og reelle kvalifikasjonar. Vidare at sjukehuset gjev vikarane innføring i lokale forhold, opplæring og rettleiing i høve til funksjonar dei skal ivareta ved sjukehuset. Dessutan at sjukehuset følgjer med på at arbeidet blir utført i samsvar med krav i helselovgjevinga.</p> <p>Ved tilsynet blei det ikkje påpeikt avvik frå krav i helselovgjevinga eller gjeve merknader.</p>
	12.08.08	Helsetilsynet hadde tilsyn med akuttmottaket ved Stavanger

	25.09.08	<p>Universitetssjukehus 24. – 25. april 2007, og Helse Stavanger har avlagt endeleg tilbakemelding med omsyn til kva tiltak som blir sett i verk for å lukke dei avvika som var påpeikt.</p> <p>Helsetilsynet har vurdert dei tiltaka som er sett i verk for å lukke avvika og konkluderar med at tilsynet er avslutta.</p>
	20.08.08	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Betanien distriktpsikiatriske senter 18. – 19. juni 2008. Formålet med tilsynet var å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Det blei påpeikt to avvik frå helselovgjevinga under tilsynet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Betanien DPS avviser nokre tilvisingar som ikkje inneheld tilstrekkelege opplysingar til å kunne vurdere om pasienten har rett til nødvendig helsehjelp</li> <li>- Alle nødvendige opplysingar og vurderingar er ikkje alltid førde i pasientjournal</li> </ul> <p>Betanien er gitt frist til 1. oktober 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.</p>
	22.08.08	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Karmøy DPS, Helse Fonna HF 16. – 17. juni 2008. Formålet med tilsynet var å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Det blei påpeikt tre avvik frå krav i helselovgjevinga under tilsynet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- det er ikkje klårt kven som har ansvaret ved psyko-seposten ved Karmøy DPS innanfor områda; kven av legane som har eit overordna medisinsk ansvar, journalansvar på systemnivå, oppfølging av nyttilsette behandlarar</li> <li>- Karmøy DPS har ikkje sørgt for at poliklinikken har tilstrekkeleg med psykologspesialist- og psykiaterkompetanse</li> <li>- Alle rutinar er ikkje kjende ved Karmøy DPS. Dette gjeld opplæring og oppfølging av nyttilsette, tilbod om igangsetting av arbeid med individuell plan, overføring av pasientar mellom ulike einingar i DPSet</li> </ul> <p>Helse Fonna er gitt frist til 1. oktober 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avvika.</p>
	04.09.08	<p>Helsetilsynet hadde tilsyn i akuttmottaket ved Haugesund sjukehus 15. – 17. april 2007. Det blei peikt på tre avvik frå helselovgivinga. I brevet går Helse Fonna gjennom avvika og dei tiltaka helseføretaket har sett i verk for å lukke dei.</p>
	19.09.08	<p>Helsetilsynet har teke opplysingane gitt av Helse Fonna til etterretning. Helsetilsynet legg til grunn at leiinga vil følgje med på at tiltaka fungerer slik som føresett og at nødvendige endringar blir gjennomført raskt når forholda tilseier at det er nødvendig. Tilsynet er med dette avslutta.</p>
<b>Arbeidstilsynet</b>	27.06.08	<p>Melding om tilsyn i Helse Førde HF. Vidareføring av God vak! i 2008. God vakt! er eit nasjonalt prosjekt retta mot helseføretaka. Prosjektet starta i 2004, og tilsyna blei gjennomført i løpet av 2005 og 2006. Alle helseføretak som då blei ført tilsyn med vil få oppfølgingstilsyn i 2008.</p> <p>Tilsynet i Helse Førde vil finne stad i perioden 11.09. – 20.11.08.</p>

	27.06.08	Melding om tilsyn i Helse Stavanger HF. Vidareføring av God vakt! i 2008. God vakt! er eit nasjonalt prosjekt retta mot helseføretaka. Prosjektet starta i 2004, og tilsyna blei gjennomført i løpet av 2005 og 2006. Alle helseføretak som då blei ført tilsyn med vil få oppfølgingstilsyn i 2008.  Tilsynet i Helse Stavanger vil finne stad i perioden 02.09. – 27.10.08.	
	27.06.08	Melding om tilsyn i Helse Fonna HF. Vidareføring av God vakt! i 2008. God vakt! er eit nasjonalt prosjekt retta mot helseføretaka. Prosjektet starta i 2004, og tilsyna blei gjennomført i løpet av 2005 og 2006. Alle helseføretak som då blei ført tilsyn med vil få oppfølgingstilsyn i 2008.  Tilsynet i Helse Fonna vil finne stad i perioden 02.10. – 01.12.08.	
<b>Datatilsynet</b>		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
<b>Statens strålevern</b>		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>	27.02.08	Helse Stavanger HF. Saka gjeld ein open anbodskonkurranse for innkjøp av to Multislice CT maskinar og eit Angiografi/ Hybridlaboratorium med tilbehør samt opsjonar. Klager leverte inn tilbod, men tilbodet blei avvist. Klager hevder at det ikkje var adgang til å avvise tilbodet.	Ved brev av 27.06.08 har klagenemnda gjort vedtak om å avvise klagen som uhensiktsmessig for behandling i klagenemnda. Grunnen er at klagen ikkje kan føre fram.
	28.05.08	Helse Bergen HF. Saka gjelder open anbodskonkurranse for kjøp av pasienttransport. Klager er Taxi 1 AS.	Avgjerd føreligg ikkje.
	04.06.08	Helse Bergen HF. Saka gjeld open anbodskonkurranse for kjøp av pasienttransport. Klager er Norgestaxi Bergen AS.	Avgjerd føreligg ikkje.
	19.09.08	Helse Bergen HF. Saka gjeld konkurranse med forhandling for kjøp av pasientterminal-løysing. Klager er Solution Partner AS.	Avgjerd føreligg ikkje.
<b>Sivilombudsmannen</b>		Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.	